

Årsmelding for Vestland Venstre 2021

Årsmøtet er Vestland Venstre sitt høgaste organ, og denne årsmeldinga er eit forsøk på å få formidla kva fylkesstyret og fylkeslaget har hatt føre seg i året som har gått.

INNHALD

1. FYLKESÅRSMØTE OG NOMINASJONSMØTER
2. FYLKESSTYRET
3. NEMNDER OG UTVAL
4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS
5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN
6. REPRESENTASJON I FYLKESTING
7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING
8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON
9. LANDSMØTET
10. VALKAMP
11. SEKRETARIAT
12. ØKONOMI
13. MØTE/KONFERANSAR
14. FRÅSEGNER
15. VESTLAND VENSTRE SIN MILJØPRIS
16. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET
ETTERORD FRÅ LEIAREN

1. FYLKESÅRSMØTE OG NOMINASJONSMØTER

Helga 13. og 14. februar 2021 vart det arrangert digitalt fylkesårsmøte for Vestland Venstre, samt separate nominasjonsmøter for dei to valkretsane Hordaland og Sogn og Fjordane

Fylkesårsmøtet

Totalt møtte det 117 utsendingar frå lokallaga, fylkesstyret, Unge Venstre og Venstrekvinnelaget denne helga. I tillegg møtte Klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn, stortingsrepresentant Terje Breivik og fylkessekretærene Linda Ness Rotihaug og Gro Gjelsvik som observatørar.

Desse sakene var oppe:

- årsmelding, rekneskap, budsjett
- fråsegner - det kom inn heile 22 forslag - 4 vart handsama og vedtatt
- organisasjonsdebatt
- vedtak av plan for valkamparbeidet
- val av valnemnd og landsmøteutsendingar
- val av redaksjonsnemnd for fylkesårsmøtet 2022 (fråsegner)
- handsaming av 2. utkast for Venstres Stortingsvalprogram

2. FYLKESSTYRET

Fylkesstyret har i 2021 hatt følgjande samansetjing:

Leiar: Åsta Årøen, Bergen

1. nestleiar: Jan Henrik Nygård, Kinn

2. nestleiar: Agnes Hoshovde Bernes, Alver

Medlem: Geir Angeltveit, Stord

Medlem: Jo Lerheim, Bergen

Medlem: Elizabeth Toft Erichsen, Øygarden

Medlem: Åge Avedal, Sunnfjord (permisjon frå september)

Varamedlemmer:

1. vara: Jon Frogner, Stad (fast møtande frå september)

2. vara: Njaal Neckelmann, Bergen

3. vara: Alf Helge Greaker, Bømlo

4. vara: Irene Storøy, Bremanger

Alle vart valde for 2 år i februar 2020.

Sideorganisasjonane har fast styreplass og for Vestland Unge Venstre møtte Jens Håkon Birkeland. For Vestland Venstrekvinnelag har Kari Østervold Toft møtt.

Gruppleiar i fylkestinget, Geir Kjell Andersland, har vore kalla inn til styremøta og delteke stort sett.

Fylkesstyret har i 2022 hatt 8 ordinære styremøte. Styret har handsama 72 saker.

Styret har hatt eit arbeidsutval samansett av leiar og nestleiarar og fylkessekretær (frå april ingen fylkessekretær).

Arbeidsutvalet har hatt 5 møte i 2022. AU har arbeidd mellom styremøta med saksførebuing, oppfølging av styresaker, samt planlegging av samlingar og andre møte.

Alle styremøte er dokumenterte ved eigne referat, som er sendt ut til heile styregruppa kort tid etter, og har også blir rapportert inn som studiarbeid (Styrearbeid i praksis).

Valkamputvalet vart utnemnt av Fylkesstyret i slutten av 2020 og har levert eigen rapport om sin aktivitet.

3. NEMNDER OG UTVAL

Valkamputval

Ingrid Nergaard Fjeldstad, Atle Hamar, Jan Henrik Nygård, Gard Aasmund Skulstad Johanson(UV) og Kari Østervold Toft(VKL). I tillegg til dette kom toppkandidatane i begge valkretsane.

Miriam Seim, Agnes Hoshovde Bernes og Caroline Wergeland Loftshus som valkampsekretærar.

Valnemnd

Valkomiteen har bestått av Janne Elin Alsaker (leiar), Jens Håkon Birkeland, Anne-Beth Njærheim, Marius H. Hindenes, Astrid Knutsen Hårstad, Kjersti Ingolvdotter Vevatne og Hilmar Eliasson.

Internrevisorar

Synnøve Handeland og Vigdis Tonning

4. LOKALLAGS-/MEDLEMSSTATUS

Vestland Venstre har 28 fungerande lokallag. Utover dette har vi medlemmar i følgande kommunar: Austrheim, Fitjar, Hyllestad, Høyanger, Lærdal, Masfjorden, Samnanger og Tysnes

Det siste året har vi hatt vekst i medlemsmassen. I 2021 var tallet 159 innmeldingar, og 110 utmeldingar (75 aktive utmeldingar og 35 passive utmeldingar). Totalt betalte 872 personar medlemskontingent i 2021 mot 826 i 2020.

Betalingsprosenten var på 91,1 % i 2021.

5. ANDRE SAMARBEIDSORGAN

Vestland Unge Venstre	sjå eiga årsmelding
Fylkestingsgruppa i Vestland	sjå eiga årsmelding
Vestland Venstrekvinnelag	sjå eiga årsmelding

6. REPRESENTASJON I FYLKESTINGET

Geir Kjell Andersland har vore medlem av fylkestinget i Vestland og gruppeleiar i 2021.

Alfred Bjørlo har fram til han vart stortingsrepresentant i oktober, vore medlem av fylkestinget, medlem av fylkesutvalet og finansutvalet. Frå oktober overtok Geir Kjell Andersland som medlem av fylkesutvalet og finansutvalet.

Agnes Hoshovde Bernes har vore 1. varamedlem og frå oktober fast medlem av fylkestinget.

7. REPRESENTASJON I REGJERING OG STORTING

Våren 2021 var Sveinung Rotevatn klima- og miljøvernminister i den blågrøne Regjeringa Solberg. Terje Breivik (Ulvik) var Venstre sin representant frå Hordaland på Stortinget våren 2021, og parlamentarisk leiar. Idun Bortne (Bergen) har vore vara for han. Frå hausten 2021 har Alfred Bjørlo og Sveinung Rotevatn representert kvar sin valkrets. Vara har vore Ane Breivik og Ole Martini.

8. REPRESENTASJON I STYRE OG UTVAL I VENSTRE SIN HOVUDORGANISASJON

Sentralstyret: Alfred Bjørlo, Sveinung Rotevatn, Gunhild Berge Stang
Landsstyret: Fylkesleiar Åsta Årøen, nestleiar Jan Henrik Nygård og gruppeleiar Geir Kjell Andersland møtte fast. I novembermøtet møtte Tom L. Hiis Bergh og i juni-møtet møtte Agnes Hoshovde Bernes.

Erlend Horn har vore direktevald til Landsstyret.

Håkon Frode Særsten er styreleiar for Venstres Studieforbund.
Elin Seim og Gunhild Berge Stang har møtt i KS.

9. LANDSMØTET (digitalt)

På dette møte:

Åsta Årøen, Jan Henrik Nygård, Agnes Hoshovde Bernes, Geir Kjell andersland, Kari Østervold toft, Jens Håkon Birkeland, Julie Andersland, Gunnar Osland, Astrid Dale, Torstein Tvinnereim, Elin Seim, Heine Johansen, Anne Beth Njærheim, Terje Breivik, Merethe Hopland, Atle Hamar, Ane Breivik, Mathias Fischer.

10. VALKAMP

Sjå eigen rapport frå valkamputvalet.



Kinn Venstre på postkasseaksjon

11. SEKRETARIAT

Linda Ness Rotihaug har vore sekretær i 40 % stilling ut februar og Gro Gjelsvik har vore sekretær i 60 % ut mars i 2021. Gro Gjelsvik har i etterkant hatt ei 10% stilling knytt til økonomi.

12. ØKONOMI

Vestland Venstre sin økonomi er og har vore utfordrande. Dette skuldast til ei viss grad tilbakegang i medlemstal over år, noko som har snudd i løpet av 2021. Hovudgrunnen er likevel det dårlege fylkestingsvalet i 2019 og med påfølgande redusert tilskot.

I 2020 var det fleire samtalar med mellom AU og fylkessekretærene om reduksjon av stillingsressurs, då behovet var redusert etter samanslåing og økonomien trong. Dette endte med at fylkessekretærene sjølv valde å seie opp, noko som fekk effekt i 2021, etter fylkesårsmøtet.

Ein faktor som har påverka økonomien positivt er pandemien, då fysiske møter har blitt erstatta av digitale møter.

Det har vore krevjande å drive med planlegging, når pandemien drog ut – men avlyste og utsette møter vart reforhandla med hotell, slik at vi fekk avvikla eit svært vellukka arrangement i oktober, som vi la inn ein del midlar i, ikkje minst for å få kontakt mellom nye og gamle medlemmer, og å utnytte den positive energien frå valkamp og valresultat.

13. MØTER/KONFERANSAR

Vestland Venstre har i 2021 arrangert:

- Fylkesårsmøte og nominasjonsmøter, digitalt
- Delegasjonsmøte føre Landsmøtet

- Styret hadde eit fysisk dagsmøte i Førde 13. mars
- Fylkessamling i Bergen (“Oktoberfest”), fysisk



Innlegg ved Kinn Venstres Jacob Nødseth på den faglige delen av oktoberfest.



Elizabeth hadde ansvar for logistikk mht hotell under Oktoberfest.



Besøk på cafe Opera under oktoberfest.

14. FRÅSEGNER OG POLITIKK

Arbeidet med Stortingsprogram har over tid vore noko som har blitt prioritert av Vestland Venstre – vi hadde mange workshops rundt dette og leverte inn nærmare 50 forslag. Mange av desse kom inn i programmet under sakshandsaminga på Landsmøtet, noko som gav mange medlemmene som hadde arbeidd med dette, kveik og inspirasjon.

Til landsstyremøtet i november sendte vi inn og fekk vedtatt ei viktig fråsegn knytt til born sine rettar. Dette fekk vi mykje positiv merksemd på frå våre medlemmar.

15. VESTLAND VENSTRE SIN MILJØPRIS

Det var mange gode nominasjonar som vart sendt inn, i år også: Øygarden Venstre sin nominasjon gjekk imidlertid sigrande ut. Prisen gjekk til til Liegruppen på Sotra, for arbeidet med fiskebåten Libas (lågutslepp). Prisen vart overrekt av dåverande Klima- og miljøvernminister Sveinung Rotevatn og fylkesleiar Åsta Årøen.



Åsta Årøen og Sveinung Rotevatn delte ut årets miljøpris til Liegruppen, her ved Peder Lie. Prisen vart overrekt på verdas miljødag, på Liaskjæret.

16. SLIK HAR STYRET JOBBA GJENNOM ÅRET

Arbeidsfordeling i styret utover leiar sine funksjonar:

- 1. nestleiar Jan Henrik Nygård - oppfølging av valkamputvalet, oppfølging av økonomi, AU.
- 2. nestleiar Agnes Hoshovde Bernes - nettsider, AU
- Geir Angeltveit - oppfølging av besøk frå Regjering, oppdatering sosiale media, informasjonsarbeid.
- Jon Frogner - planlegging av aktivitet
- Jo Lerheim - ivareta og følge opp digitale løysingar, samt lager og arkiv
- Elizabeth Toft Erichsen – arrangement, interngruppe på facebook og nettside

I perioden juni-sept hadde ikkje fylkesstyret møter, men prioriterte ulike valkampaktivitetar.



Deler av fylkesstyret hjelper lokallaget i Kvam på stand. Ein kjekk dag.



Interkommunalt samarbeid i valgboten:

Informasjon

Fylkesstyret (og valkamputvalet) har nytta e-post, heimesidene og Facebook til å spreie informasjon om politikk og aktivitetar. Eigne nyhendebrev til alle medlemmer har vore sendt ut regelmessig i løpet av året, ofte til alle medlemmer i heile Vestland. I valkampen har fylkesstyret ynskt at det mest av medlemskommunikasjon skulle gå via valkamputvalet.

ETTERORD FRÅ LEIAREN

I år har eg ikkje lyst til å skrive eit omfangsrikt etterord. Vi klarte det viktigaste, å få valgt inn ein representant frå kvar valkrets. Det er vel det ein kan kalle full måloppnåelse. Men vi må aldri gløyme at det skuldast i særleg grad ein stor og intens innsats frå veldig mange. Ei heil rekke mennesker la ned ein frivillig innsats over tid, langt utover det ein kan forvente. Eg avsluttar difor med å takke for eit godt arbeidsår, frå dykk alle og eg avsluttar med eit bilete

frå ein av dei som stod på stand i svært mange timar denne gongen, for laget. Takk!



Rune frå Øygarden Venstre var kanskje ein av dei som stod aller mest på stand?

Bergen, februar 2022

Åsta Årøen (s)
leiar

Geir Angeltveit (s)
styremedlem

Jon Frogner (s)
styremedlem

Jan Henrik Nygård (s)
1. nestleiar

Jo E. L. Lerheim (s)
styremedlem

Kari Østervold Toft (s)
Vestland Venstrekvinnelag

Agnes Hoshovde Bernes (s)
2. nestleiar

Elizabeth Toft Erichsen (s)
styremedlem

Jens Håkon Birkeland (s)
Vestland Unge Venstre